

Norges vassdrag- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Hardanger, 14.7.2013

Høyringsuttale om Krossdalselvi kraftverk og Vassendelva kraftverk i Jondal kommune, Hordaland

Viser til motteke brev av 11.4.2013 vedr. søknad frå Blåfall AS om løyve til utbygging av Krossdalselvi kraftverk og Vassendelva kraftverk i Jondal kommune. Dette er to ulike prosjekt som vert vurdert separat, men konsesjonssøkar har oppmoda om at dei to kraftverka vert sett i samanheng då Vassendelva er ei sideelv til Krossdalselvi, og begge elvane er ein del av Jondalsvassdraget som har utløp i Hardangerfjorden. Om begge småkraftprosjekta får konsesjon, vil det derfor verta ein felles kraftstasjon.

Jondal er ein tettstad langs hovudlaupet i Hardangerfjorden, og ligg rett under Folgefonna. Bygda vert karakterisert som ein turistattraksjon i seg sjølv, med storslått natur, bratte fjell og skimoglegheiter på Fonna året rundt. Kommunesenteret Jondal har status som nasjonalparklandsby.

Samandrag

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) er negativ til dei planlagde utbyggingane i Krossdalselvi og Vassendelva. Mange vassdrag i Jondal er allereie utbygd, og dei framleis urørte og delvis urørte elvane står no ovanfor eit sterkt utbyggingspress. Utbygginga av Krossdalselvi og Vassendelva kraftverk medfører ei rekke negative konsekvensar for fisk, raudlista fugleartar, raudlista planteartar, naturopplevinga, kulturmiljøet og landskapet. Nytteverdien av tiltaka kan etter NVH sitt skjøn ikkje vega opp for summen av alle desse negative konsekvensane, og vil derfor fråråda NVE å gje konsesjon til Blåfall AS.

Generelt om tiltaka

Krossdalselvi kraftverk er eit samarbeid mellom fallrettigheitseigarar og Blåfall AS kor ein planlegg å nytta eit fall på 159 m i Krossdalselvi. Inntaket er planlagd på 325 kote og kraftstasjonen er planlagd på ei halvøy på kote 166 rett aust for samlaupet mellom Krossdalselvi og Vassendelva. Vassvegen er 1600 m og planlagt som 1000 m tunnel og resten nedgrave i grøft. Utbygginga er planlagd med ein ca. 4 meter høg og ca. 30 meter lang betongdam 10 meter over Lauvbrufossen. I tillegg er det planlagd 370 m ny veg.

Vassendelva kraftverk er også eit samarbeid mellom fallrettigheitseigarar og Blåfall AS kor ein vil nytta fallet i Vassendelva mellom reguleringsmagasinet i Vassendvatnet på

kote 440 og kraftstasjonen på kote 166. Om både Vassendelva kraftverk og Krossdalselvi kraftverk skulle få konsesjon, vil dei to prosjekta som nemnt ha felles kraftstasjon på kote 166 som fører til ei brutto fallhøgde på 274 m. Det er planlagt å nytta eksisterande dam i Vassendvatnet med påbygging av nytt inntak. Planlagd vassveg er 2510 m og planlagd nedgraven i grøft heile vegen. Tiltaket utløyser behov for 50 m ny veg til kraftstasjonen. Konsesjonssøkar søker i tillegg om regulering av Vassendvatnet med 1 m.

Hydrologi

Krossdalselvi kraftverk

Krossdalselvi sitt opphavsfelt nedbørsfelt vart redusert med over 50 % då 29,6 km² av 62,8 km² vart overført i samband med Folgefonnutbygginga. Elva har i dag ei middelvassføring på 2643 l/s, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 3850 l/s med ei innstallert effekt på 4,92 MW og planlagd produksjon på 19,8 GWh. Det er planlagt minstevassføring på 350 l/s i sommarsesongen (mai – t.o.m. september) og 70 l/s resten av året. Tiltaket vil føra til redusert vassføring langs ein elvestrekning på omlag 2,25 km.

Middelvassføringa til kraftverket er rekna til å vera 2640 l/s. Utifrå konsesjonssøknaden er har ein tilsynelatande kome fram til dette ved bruk av medianverdiar kor høgste median ser ut til å ligga på rundt 5,7 m³/s (sjå figur 1, s. 7). Utifrå figuren kan ein sjå at ei middelvassføring på 2650 l/s ikkje er representativt for den gjennomsnittlege vassføringa, noko som kan forklarast med at ein har nytta medianverdiar og ikkje gjennomsnittsverdiar for å koma fram til middelvassføringsnivået. Har ein mange observasjonar med låg vassføring og nokre få med høg, så vert medianen mykje høgare enn det som er den reelle middelverdien, noko som også vert underbygd av det store avviket mellom medianvassføringa og minimumsvassføringa i figur 1.

Tar ein likevel utgangspunkt i middelvassføringa som konsesjonssøkar har kome fram til, ser ein at minstevassføring i sommarsesongen tilsvarer knappe 13 % av middelvassføring. Ei minstevassføring på 70 l/s i vintersesongen tilsvarar 2,64 % av middelvassføringa konsesjonssøkar har kome fram til; med andre ord vil dagens middelvassføring bli redusert med over 97 % frå oktober til mai – med andre ord vil elva vera så godt som tørrlagt. Det er heva over tvil at dette er eit drastisk inngrep som det er grunn til å tru at vil få store konsekvensar for økosystema i influensområdet.

Konsesjonssøkar sin argumentasjon om at Krossdalselvi kraftverk vil kunna bidra til å avhjelpa kraftutfordringane i Vest-Noreg rundt Bergen, held heller ikkje mål. Utfordringane i BKK-området er i hovudsak knytt til Bergens-snittet vinterstid, ei utfordring som vil verta løyst av den konsesjonsgitte 420 kV-kraftlinja Kollsnes-Mongstad-Modalen og som i alle tilfelle ikkje vil påverkast av småkraftutbygging i Jondal. Ettersom det er i vinterhalvåret at det har oppstått utfordringar knytt til Bergens-snittet, vil heller ikkje eit småkraftverk utan reguleringsmagasin og dermed utan moglegheit for effektkøyring vera i stand til å imøtekoma forsyningsutfordringar i Bergen i vinterhalvåret.

Med ei så låg minstevassføring som figur 1 i konsesjonssøknaden viser, spesielt mellom oktober og april, er det også grunn til å tru at vassføringa ofte kan vera under 70 l/s noko som jo medfører at kraftproduksjon ikkje kan førekoma i det heile. Dermed er det direkte misvisande å hevda at eit småkraftverk utan reguleringsmagasin vil kunna avhjelpa anstrengte kraftsituasjonar i Bergens-området vinterstid.

Vassendelva kraftverk

Vassendelva har ei middelvassføring på 397 l/s, og kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 800 l/s med ei innstallert effekt på 1,71 MW og planlagd produksjon på 6,8 GWh. Det er planlagd minstevassføring på 50 l/s sommarsesongen og inga minstevassføring resten av året. Også Vassendelva sitt opphavlege nedbørsfelt vart innskrenka grunna kraftverka Jukla og Mauranger og har i dag eit nedbørsfelt på ca. 5,6 km² ved inntaket.

Middelvassføringa til kraftverket er rekna til å vera 400 l/s, noko ein tilsynelatande også har kome fram til ved å ta utgangspunkt i medianverdiar. Tar ein likevel utgangspunkt i denne middelvassføringa vil minstevassføringa i sommarsesongen berre vera 12,5 % av middelvassføringa, og i vinterhalvåret er det ikkje planlagd minstevassføring, altså vil elva mellom oktober og mai vera tilnærma tørrlagt, noko som naturlegvis vil vera katastrofalt for økosystema i elva.

Biologisk mangfald

Fisk

I det meste av influensområdet til Krossdalselvi finst det ei god, stasjonær aurebestand med bra storleik som vil verta negativt påverka av redusert vassføring, noko som vil føra til at bestanden går ned og kvaliteten vert dårlegare. Spesielt kan ein reduksjon av dei allereie relativt beskjedne tilgjengelege gyteareala bli påverka negativt. Med redusert vassføring risikerer ein at aurestamma vil verta kraftig redusert eller gå tapt. Det kan heller ikkje utelukkast at det finst ål i Krossdalselvi sjølv om det ikkje er påvist. Redusert vassføring kan medføre redusert oppvekstareal og kraftverksturbinen kan medføre at ålen vert skadd eller drepent under nedvandring.

Verdifulle naturtypar

I tiltaksområdet i Krossdalselvi kraftverk er det registrert to prioriterte naturtypar, bekkekløft og bergvegg, og ein grårheggeskog som kan verta negativt påverka av redusert vassføring. I tillegg er det registrert sterkt truga elvemosevegetasjon som konsesjonssøkar har valt å ikkje leggja vekt på i verdivurderinga fordi det er «høvesvis vanleg førekomande». Innan influensområdet er det også registrert og skorpefiltlav (NT) ask (NT) som vil verta direkte råka av utbygginga.

I influensområdet til Vassendelva kraftverk er det registrert to lokalitetar av kystfurusskog med verdiar høvesvis A (svært viktig) og B (viktig). I tillegg finst det gamal

lauvskog kor ein kan finna den raudlista arten skorpefiltlav (NT). Det er også registrert bekkekløft og bergvegg samt gråorheggeskog også i Vassendelva sitt tiltaksområde.

Fugl

Ei rekke raudlista fugleartar er registrert og/eller observert innan influensområdet til Krossdalselvi kraftverk: Strandsnipe (NT), stær (NT), fiskemåke (NT), bergirisk (NT), makrellterne (VU), hønsehauk (NT), vipe (NT) og songlerke (NT). I tillegg er det registrert fossekall innan den råka elvestrekninga, som kjent er svært sårbar for redusert vassføring då den livnærer seg på botndyr; bestanden av botndyr er venta å gå ned som følge av redusert vassføring, i tillegg til at artssamansetjinga vil verta endra.

I influensområdet til Vassendelva er det ikkje påvist, men observert ei rekke fugleartar, mellom anna dei raudlista bergirisk (NT), fiskemåke (NT), makrellterne (VU), strandsnipe (NT), stær (NT), vipe (NT), songlerke (VU) og hønsehauk (NT). I tillegg vert det i konsesjonssøknaden nemnt dei vassdragstilknytte artane vintererle og fossekall som sjølv om dei ikkje har blitt påvist, ikkje kan utelukkast at finst i tiltaksområdet.

Kulturmiljø

Krossdalen og området opp mot Vassendvatnet er rikt på kulturminner, og sjølv om ingen kjende funn vert direkte råka, vil redusert vassføring ha ein negativ konsekvens for kulturmiljøet rundt to kvernhus ved Krossdalselvi i området Drebekke. Lokale personar fortel at eit av kvernhuset har blitt restaurert, men ikkje kan setjast i drift dersom Krossdalselvi kraftverk vert ein realitet.

Drebekke er ein gard som tilbyr overnatting, natur og kulturopplevingar til turistar, og Fylkesmannen har gjeve tilskot til rydding av den gamle ferdslevegen til Krossdalen kor omlag halvparten går langs Krossdalselvi. Fiske og bading er viktige aktivitetar for dei som overnattar på garden, opplevingar som vil verta forringa ved ei kraftutbygging som endrar elvelandskapet. I tillegg er eit hyttefelt godkjent for utbygging, kor utsikta til elva er viktig.

Konsesjonssøkar hevdar at utbygginga av Krossdalselvi «(...) vil være avgjørende for opprettholdelse av de lokale boplassene og en videreutvikling av de lokale næringer (...)». Det er ein drøy påstand frå konsesjonssøkar si side. Etter NVH sitt syn er det meir nærliggande å tru at urørt natur er ein vesentleg årsak til at folk ynskjer å busetja seg i ein kommune som Jondal. For drivarane av garden vil nettopp kulturlandskapet og naturen vera det viktigaste næringsgrunnlaget i framtida. Det er ikkje tvil om at naturen er ein viktig del av Jondal sin identitet når dei marknadsfører seg som nasjonalparklandsby og naturopplevingar er det viktigaste dei kan tilby turistane.

Landskap og friluftsliv

I konsesjonssøknaden om Krossdalselvi kraftverk står det at:



«Tiltaksområdet ligger langs en viktig ferdselsåre til viktige friluftsområdet både for organisert aktivitet (sommerskiseret) og lite organiserte aktiviteter (fot- og skiturer). Det er flere overnattingsaktører i Krossdalen, og reiselivet har trolig et godt potensial med tanke på de naturgitte betingelsene.»

Vassenden er eit mykje nytta turområde, og bruken av vegen frå Molve til Vassenden som turveg har auka dei siste åra – her er ifølgje lokalbefolkning opplevinga av elva vesentleg. Sjølv om konsesjonssøkar ser at dei negative konsekvensane som ei eventuell utbygging i Vassendelva og Krossdalselvi vil medføre som over middels, vil NVH argumentera for at urørt natur og inngrepsfrie område er viktige for utøvinga av friluftsliv der opplevinga av urørt natur er heilt sentral. Urørt natur har ein eigenverdi som ikkje kan målast i kroner, og er noko me får stadig mindre av.

Konklusjon

Naturvernforbundet Hordaland kan ikkje sjå at dei samfunnsmessige sumverknadane er meir positive enn konsekvensane av utbygging av dei to elvane Krossdalselvi og Vassendelvi. Me er ikkje einige med konsesjonssøkar om at utbyggingane nødvendigvis vil bidra til å oppretthalda busetnad med tilhøyrande aktivitetar i regionen – tvert imot meiner me at det er det urørte landskapet og naturopplevingane som er Jondal sitt viktigaste satsingsområde.

NVH meiner ikkje at å gje konsesjon til utbygging av Krossdalselvi kraftverk og Vassendelva kraftverk vil vera å sikra ein samfunnsmessig forsvarleg bruk av vassdrag fordi:

1. **Konsekvensane av redusert vassføring er ikkje godt nok kartlagt**

NVH meiner at konsekvensane tiltaka medfører ikkje er godt nok undersøkt og kartlagt: Dette gjeld til dømes undersøkingar av botndyr som fossekallen er avhengig av for å overleva. Korleis redusert vassføring vil påverka raudlista plante- og dyreartar er heller ikkje tilstrekkeleg dokumentert. NVH stiller seg vidare undrande til dei metodane konsesjonssøkar nytta for å koma fram til middelvassføringsverdiar, og meiner at ein må nytta gjennomsnittsverdiar i staden for medianverdiar for å koma fram til eit representativt tal.

2. **Føre-var-prinsippet må nyttast**

NVH vil på det sterkaste oppmoda NVE om å følgja Naturmangfaldslova § 9 når ein er i tvil om konsekvensane av eit tiltak:

«Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig

vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.»

I desse sakene kan ein ikkje utelukka at raudlista- dyre og planteartar vil verta hardt råka av utbyggingane.

3. Eksisterande utbyggingar kan ikkje legitimera nye naturinngrep

At Jondalsvassdraget allereie er delvis utbygd og at store delar av nedbørsfeltet til Krossdalselvi og Vassendelva vart overført under Folgefonnutbygginga, er ikkje eit argument *for* at Jondalsvassdraget skal byggast ut ytterlegare. Nettopp fordi vassdragslandskapet i Jondal allereie er så belasta og under høgt press, er det viktig at dei urørte delane som er att av Jondalsvassdraget får forbli urørte.

NVH meiner at energieffektivisering alltid bør prioriterast framfor ny kraftproduksjon. Noreg går mot eit enormt kraftoverskot samstundes som 70 % av vassdraga våre er utbygd. Ved enkle energieffektiviseringstiltak vil ein kunna frigi enorme mengder energi – så å påstå at det på noverande tidspunkt er behov for vidare vasskraftutbygging i Noreg er ikkje korrekt. Me kan derfor ikkje sjå at utbygging av Krossdalselvi og Vassendelva kraftverk har nokon samfunnsmessig nytteverdi som trumfar alle dei negative konsekvensane utbyggingane medfører og som me no har gjort greie for.

Når det gjeld samla belastning for alle dei 13 omsøkte småkraftverka i Kvinnherad, Jondal og Ullensvang kommunar, viser me til felles uttale frå FNF.

Med venleg helsing
Naturvernforbundet Hordaland

Signe Sandberg
Leiar

Synnøve Kvamme
Sakshandsamar